



SAKSGANG		
<b>Utval, styre m.v.</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr.</b>
Hyllestad formannskap	19.06.2015	037/15
<b>Sakshandsamar:</b>	<b>Arkivkode:</b>	<b>Arkivsaknr.</b>
Stig Aron Tverberg	K2-S11	15/283

## Kvernfossen kraftverk - Uttale frå kommunen

### ADMINISTRASJONEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Hyllestad kommune rår til at det vert gjeve konsesjon for bygging av Kvernfossen kraftverk SUS som omsøkt. Hyllestad kommune er innstilt på å gje dispensasjon frå kommuneplanens arealdel, og kjem attende til dette når detaljane er på plass i byggesak. Ein vil be om at utbyggjar tek omsyn til omgjevnadane under utbygging og at inngrepa i terrenget vert så små som mogeleg.

### 19.06.2015 HYLLESTAD FORMANNSKAP

#### FORM-037/15 SAMRØYSTES VEDTAK:

Hyllestad kommune rår til at det vert gjeve konsesjon for bygging av Kvernfossen kraftverk SUS som omsøkt. Hyllestad kommune er innstilt på å gje dispensasjon frå kommuneplanens arealdel, og kjem attende til dette når detaljane er på plass i byggesak. Ein vil be om at utbyggjar tek omsyn til omgjevnadane under utbygging og at inngrepa i terrenget vert så små som mogeleg.

#### DOKUMENTLISTE:

Nr	T	Dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	08.05.2015	nve@nve.no,	Høring av søknad om Kvernfossen kraftverk. NVEs referanse: 201005128-9
3	I	11.05.2015	Kvernfossen Kraft SUS	Konsesjonssøknad Kvernfossen Kraftverk
2	I	11.05.2015	Statens vegvesen	Uttale om løyve til bygging
4	I	01.06.2015	Fylkeskommunen	Kommunen sin uttale til søknad om løyve for Kvernfossen kraftverk i Lølandselva

**Andre dokument:**

[Konsesjonssøknaden](#)

**KVA SAKA GJELD:**

NVE har oversendt konsesjonssøknad frå Kvernfossen kraftverk SUS om løyve til bygging av Kvernfossen kraftverk til uttale. Høyringsfristen er 30.06.15.

**SAKSUTGREIING:****Utdrag av samandrag i konsesjonssøknaden:**

Kvernfossen kraft SUS ynskjer å nytte fallet i delar av Lølandselva til kraftproduksjon. Verket er planlagt med inntak i Krosslona og kraftstasjon 600 meter lenger nede. Fallhøgda er 26,5 meter, installert effekt 1,8 MW og årsproduksjon 9,14 GWh.

Inntaket i Krosslona vil verte utført med terskel og innløpskanal. Kraftverket vil verte køyrt på vasstandsstyring etter tilsiget slik at Krosslona vil ligge innanfor dei naturlege variasjonane. Vasstanden i Krosslona vert ikkje auka i flaumperiodar.

Rørgata vert nedgreven mellom Fv 63 og elva. Tilløpsrøret har diameter 2100 mm med samla lengde på 600 m. Området er i dag sterkt tilgrodd av gråor og selje.

Kraftstasjonen vert plassert ved elva på eit område med gammalt kulturbeite. Arkitektur og materialval vert tilpassa lokal byggeskikk. Utløpet frå kraftstasjonen går tilbake i elva på kote 93.

Det er planlagt ei minstevassføring på 600 l/s.

Straumen vert ført nordover til eksisterande 22 kV linje gjennom ein 700 m lang jordkabel.

Det er ikkje knytt spesielle brukarinteresser til området og elva er lite synleg i landskapet. Av negative konsekvensar knytt til tiltaket og allmenne interesser er redusert vassføring dominerande. Utbyggjar har lagt til grunn monaleg minstevassføring for å kompensere for dette.

Når det gjeld naturtype er det skog og kulturlandskap som dominerer. Det er ikkje registrert rødlisteartar. Tiltaket vil ikkje ha konsekvensar for inngrepsfrie naturområde.

**VURDERING:**

Det aktuelle området er avsett til LNF område i kommuneplanen og tiltaket må såleis handsamast som dispensasjon frå kommuneplanen. Søknad om dispensasjon kan handsamast i forkant eller samstundes med byggjemelding av tiltaket etter plan- og bygningslova.

Basert på opplysningane i søknaden vil utbygginga av kraftverket som omsøkt samla sett gje ein liten negativ konsekvens.

Det er planlagt ein terskel på kote 119,5. Kraftverket vil verte køyrt på vasstandstyring etter tilsiget slik at vasstanden i Krosslona vil ligge innanfor dei naturlege variasjonane. Naturleg variasjon er vurdert til 0,5 meter. Flaumvasstanden vert ikkje heva som følgje av utbygginga.

Det er planlagt ei minstevassføring på 600 l/s som bør være tilstrekkeleg for å kompensere for dei negative konsekvensane i høve til den visuelle landskapsopplevelsen, samt sikre det biologiske mangfaldet. Området er frå før påverka av vegbygging, bruer og jordbruksdrift. Området er prega av gjengroing som gjer at elva er lite synleg frå vegen.

Sentrale myndigheiter har uttalt at det er ei målsetjing å byggja ut fornybar kraftproduksjon. Hyllestad kommune er og positive til dette, og ynskjer næringsverksemd, auke i aktivitet for lokale entreprenørar, leverandørar og næringslivet elles. Det er naudsynt med utnytting av eigedommane for å drive landbruk og halde vedlike kultur og kulturlandskap.